

Årsmøte Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling SA.

*Måndag 12.03.2018. Kl. 1900
Veslestova, HLB. Arne Garborgs veg 22, 4340 Bryne.*

Møteprotokoll

Sak 01. Val av møteleiar og skrivar

Styreleiar Odd Arild Kvaløy vart vald til møteleiar.
Christel Bachmann Barbo vart vald til skrivar.

Sak 02. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste blei godkjend einstemmig.

Sak 03. Godkjenning av årsmøtedeltakarane

Alle er godkjent. 238 andelsstemmar.

Sak 04. Val av to årsmøtedeltakarar til å skrive under på møtebok

May-Sissel Nodland og Geir Skadberg vart valde.

Sak 05. Årsmelding og rekneskap 2017

Styreleiar Odd Arild Kvaløy la fram årsmelding og årsrekneskapen for 2017 som vart einstemmig godkjende.

Underskriven revisjonsberetning vil ettersendast til alle eigarar.

Sak 06. Endring i vedtekter

Endring i følgande paragrafar:
§1, §3, §4, §5 og §10

Vedtak: Endring i vedtekter vart godkjend einstemmig.

Sak 07. Orientering om endring i organisasjonsform

Styreleiar Odd Arild Kvaløy orienterte om Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling sitt arbeid med å endre organisasjonsform i 2018. Grunna endring i lova skal HLB endre organisasjonsform. HLB har frist til 01.01.2020 for å møte dei nye krava.

HLB vil presentere nye vedtekter på årsmøtet i 2019.

Forslag om at styret inviterer til eigarmøte for å involvere eigarane i prosessen.

Sak 08. Val av revisjon

Bryne Revisjon AS, Bryne, vart attvald.

Sak 09. Val av styremedlem:

- **To styremedlem for to år:** Ola Hedstein (Attval)
Jofrid Torland Mjåtveit (Attval)

Valde med akklamasjon

- **Tre varamedlem for eitt år i nummerorden:**

1. Olav Røysland (Attval)
2. May-Sissel Nodland (Attval)
3. Solbjørg Tveit Wiig (Attval)

Valde med akklamasjon

- **Styreleiar for eitt år:** Odd Arild Kvaløy (Attval)

Vald med akklamasjon:

- **Nestleiar for eitt år:** Bjørg Tysdal Moe (Attval)

Vald med akklamasjon

- **Eit medlem i valnemnda for tre år:** Marit Epletveit

Vald med akklamasjon

Sak 10. Godkjenning av godtgjering for tillitsvalde i HLB

Leiar: 25 000 kr fast årleg

Møtegodtgjersle for andre styremedlem: 2 000 kr/møte

Møtegodtgjersle for vararepresentantar: 2 000 kr/møte

Reiser etter statens regulativ.

Sak 11. Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

Innlegg ved leiar i regional og kulturutvalet i RFK, Anja Berggård Endresen.

May S. Nodland
May-Sissel Nodland


Geir Skadberg


Odd Arild Kvaløy

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling
Arne Garborgsveg 22
4340 Bryne

Telefon 51 79 94 00

E-post post@hbl.no
Heimeside www.hbl.no
Org. nr.: 983 825 680 MVA